

REFERAT FRÅ STYREMØTE TORSDAG 23.09.21

Desse møtte:

Unni, Elin, Morten, Roy Åge, Anita, Olav og Cathrine

Fråverande: Steinar

Sak 1. Referat frå forrige møte.

Referatet blei gjennomgått og godkjent.

Sak 2. Referatsaker

Basketballbanen er ikkje gjort noke med ennå.

Mi he ein ny snøfres som stend i Kviteseid.

Sak 3. Eltilsyn

Mi he hatt eltilsyn og det var mange punkt med avvik. Mi he bedt Dyrud Elektro om å fikse feila.

Roy Åge og Morten tek eit møte med Pål Øyvind i kommunen om strømskåp og stolper for å høyre om det skal fjernes eller gjere noke med det.

Sak 4. Fotballbanen

Banen trengs å sprøytes og det er ønske om ein robotklypper. Olav tek eit møte med Pål Øyvind i kommunen om dette.

Sak 4. Inspirasjonssamling

I okt/nov vil me ha ei samling med foredrag og festmiddag for alle med lederverv i laget.

Mi sjekker litt datoer og jobber vidare med dette.

Sak 5. 50 års jubileum Damefotball

Jentelaga er invitert til jubileum i Skien, og styret ber om at laget spanderer pizza på dei. Styret vedtar at fotballgruppa kan bruke penger på dette.

Sak 6. Kontingent og treningsavgift

Faktura for kontigenter og treningsavgifter blir sendt ut i disse dager.

Avgiftene blir ikkje redusert pga korona.

Trenerene skal ikkje betale, dei vil få melding om at faktura kan krediteres.

Unni Løken

Referent